



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
26.02.2018	18799/2018	Hans Roger Tømmervold

Saksnr	Utval	Møtedato
	Kultur- og folkehelseutvalet	14.03.2018

## **Spelemidlar 2018 til anlegg for idrett og fysisk aktivitet - generelle prioriteringar**

### **Bakgrunn**

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er det sterkeste og tydelegaste verkemiddelet Møre og Romsdal fylkeskommune har for å betre rammene for idrett og fysisk aktivitet i fylket.

Det har vore ei kraftig auke i tildeling av spelemidlar dei siste åra, frå 10,6 mill. kroner i år 2000 til 72 mill. kroner i 2017. I same periode er talet på søknader om spelemidlar blitt mangedobra, så sjølv om vi har større beløp til fordeling så har færre av dei som har søkt fått tildeling. I år 2000 fekk 63,5 prosent av godkjente søknadar tildeling, den tilsvarande delen i 2017 var 25 prosent. Det vil seie at vi for 2017 har eit etterslep av godkjente søknader på 75 prosent, som det ikkje er midlar til. Etterslepet er differansen mellom summen av godkjente søknadssummar for alle spelemiddelsøknadane og tilgjengelege midlar i spelemiddelordninga. Ventetida for utbetaling av spelemidlar er 3 år i Møre og Romsdal, noko som er det høgaste i landet. For nokre anlegg kan ventetida vere vesentleg lengre ut frå prioritering. Ventetida er kor mange år det vil ta før alle søkerar i år har fått midlar, gitt at framtidige tildelingar vert på same nivå som tildelinga det siste året.

Dei viktigaste føringane på spelemiddelbruken er nedfelt i Meld. St. 26 (2011-2012) «Den norske idrettsmodellen» og Meld. St. 19 (2014-2015), som er folkehelse-meldinga. Desse føringane er lagt til grunn for utarbeiding av Fylkesplan 2017-2020 (T-84/16), Regional delplan for folkehelse (T-78/13) og Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2013-2016 (KF-6/13).

Til grunn for prioriteringane i planverket ligg også befolkningsundersøkingar som kartlegg bruk av idrettsanlegg og fysisk aktivitet i befolkninga. I undersøkingar blant ungdom (2005-2006) kom det fram at dei mest brukte anlegga for denne aldersgruppa er skianlegg, idrettshallar, gang- og sykkelvegar, turløyper, fotballanlegg, symjehallar og symjebasseng. Dei same undersøkingane viser til at ungdom saknar anlegg som legg til rette for uorganisert og eigenorganisert aktivitet eller kor det er låg terskel for deltaking og stort sosialt fokus.

Møreforskriften rapporten frå 2017, som omhandlar bruken av seks ulike anlegg for eigenorganisert aktivitet i Molde kommune, viser også at friluftslivsanlegg har størst oppslutning blant den vaksne befolkninga, medan nærmiljøanlegg som apejungel og turnbasseng er mest brukt blant barn og unge. Blant ungdom var det rulleskianlegget på Skaret og treningsapparat utandørs ved Idrettens Hus som trakk flest.

Når det gjeld anlegg og tilpassing til jenter sine ønske, har Kulturdepartementet tidlegare gitt ut ein rapport («Jenter og idrettsanlegg», 2008). Den undersøker jentene (i alderen 15-20 år) sine ønske knytt til utforming av og tilgang til idrettsanlegg. Her vises det til at det er stor grad av likskap mellom gutter og jenter med omsyn til kva aktivitetar som er populære. Av dei sju mest populære aktivitetane (helsestudio, fotball, dans, symjing, ski, snowboard og volleyball) er det berre ein aktivitet (dans) som ikkje scorar høgt blant både gutter og jenter. Det blir hevda i rapporten at spekteret av aktivitetar blant gutter og jenter i Noreg har klart sterkare preg av fellestrekks enn skilnader. Dette seier noko om at forskjellane mellom jenter og gutter sine anleggsønsker og -behov ikkje er grunnleggande forskjellige.

I rapporten kjem det fram at jenter meir enn gutter ser på tilgjengeleghet til idrettsanlegg som ein viktigare faktor enn utforminga av anlegga for å halde ungdom generelt og jenter spesielt i fysisk aktivitet. Jentene ser i større grad enn gutter på tilgjengeleghet på treningstilbod som ein av fleire sannsynlege årsakar til at ungdom sluttar i idrettslag. Dette kan vere ein indikasjon på at fordelinga av treningstid er skeivt fordelt mellom gutter og jenter.

Helsedirektoratet ga i 2017 ut ein rapport som seier noko om fysisk aktivitet i Noregs befolkning (Breivik og Rafoss, 2017). Det kjem fram at fleire kvinner enn menn deltar i følgjande aktivitetar: fotturar i skog og mark, styrketrening, symjing, gymnastikk/jazzballett/aerobics/freestyle, yoga/pilates, og dans. Fleire kvinner enn menn driv også med riding, handball, turn/rytmisk gymnastikk, og kunstløp/hurtigløp. Menn står klart sterkest i livsstilsaktivitetar og organisert trening/mosjon. Og sjølv om fleire kvinner enn menn driv med aktivitetar som fotturar i skog og mark og styrketrening, så er dette også populære aktivitetar blant menn.

I tillegg til dette er det også regionale omsyn som ligg til grunn for utvikling av anlegg i Møre og Romsdal. Vi skal legge til rette for:

- eit mangfold av aktivitet geografisk fordelt i heile fylket
- anlegg som skaper sosiale møteplassar for inkludering og integrering
- konkurranseanlegg som tek høgde for framtidige krav til utforming og storleik

I Handlingsprogram for fysisk aktivitet 2013-2016, delmål 3, er følgjande premiss lagt: «Satsinga på idrettsanlegg i Møre og Romsdal skal utviklast på ein slik måte at den tilfredsstiller framtidige behov i forhold til organisert og eigenorganisert aktivitet for innbyggjarane i fylket».

Handlingsprogrammet prioriterer slik

- 12 prosent av spelemidlane skal gå til friluftsliv
- 50 prosent av spelemidlane skal kvart år gå til rehabilitering
- Det kan gis spelemidlar til 4 nye fleirbrukshallar og 6 nye kunstgrasbaner i perioden
- Nye anlegg som dekker framtidas behov blir prioritert
- Anleggssenter blir prioritert

I tillegg skal det takast omsyn til

- kommunal prioritering- alle kommunar må ha planverk som mellom anna inneheld prioritert handlingsprogram for bygging av anlegg
- prioritering frå anleggsrådet i Møre og Romsdal Idrettskrets

- befolkningstal i den enkelte kommune
- dekningsgrad og tal på søknader frå den enkelte kommune
- totalt tal på søknader på spelemidlane inneverande år
- totalt tildelt frå spelemidlane dei siste 5-10 åra i kommunane
- aktivitetsundersøkingar i Møre og Romsdal
- anlegg som tar vare på aktivitetar for nye grupper


### **Nærare om utvikling i søknadssum, tildelingar og anleggsdekning**

I perioden 2013-2017 vart det fordelt totalt 308,7 mill. kroner i Møre og Romsdal. Fleirbrukskollar, fotballanlegg og symjeanlegg er den anleggstypen som har høgst søknadssum og som har fått minst prosentvis tildeling av kostnaden. Ei årsak til dette er ein kraftig auke i kostnader for desse anleggstypane. Som følge av fylkeskommunen sine premiss for tildeling av spelemidlar, har det ikkje vore rom for store årlege tildelingar til desse anleggstypane i perioden.

Talet på fotballanlegg byrjar å bli høgt i fylket, men det er framleis stort press på fotballanlegga. Det er også grunn til å rekne med at det dei neste åra vil kome ein del søknader på rehabilitering/utstyr til å fange opp gummigranulat på kunstgrasbaner. Energi- og miljøkomiteen vedtok 15. februar 2018 eit forslag om at Stortinget ber regjeringa innføre eit regelverk «som sikrar at effektivt utstyr for å samle opp gummigranulat frå eksisterande og nye kunstgrasbaner blir tatt i bruk». Dette fordrar at utstyret blir ein del av «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet». Regelverket kan allereie tre i kraft frå 1. januar 2019 dersom det vert innført.


I NIF og KUD si årlege gjennomgang av spelemiddelsøknadane og anleggssituasjonen i Noreg kjem Møre og Romsdal ut som sjuande fylke når det gjeld anleggsdekning per innbyggjar. Desse teljast og vert vekta med omsyn til brukarpotensial (sjå søylediagram).

#### Anleggsdekning etter fylke (kjelde: NIF/KUD)



Anleggsdekning etter kommune i Møre og Romsdal (kjelde: NIF/KUD)

### Anleggstilbaket i Møre og Romsdal - 2017



Kjelde: «Spillemidler til idrettsanlegg» (2017). Norges Idrettsforbund og Kulturdepartementet

### Vurdering

Den største utfordringa er framleis forholdet mellom den store søknadssummen og ressursane vi får til disposisjon. Etterslepet på 75 prosent frå 2017 viser at det fortsatt blir søkt om meir enn vi får midlar til. Det er positivt at fleire får tilsegn, men det blir fortsatt viktig å prioritere rett slik at vi får mest mogeleg fysisk aktivitet ut av dei midlane vi får.

I Møre og Romsdal er det registrert 5 824 eksisterande anleggseininger, dette gjer at rehabilitering av anlegg også er ein viktig faktor i denne ordninga. Eit idrettsanlegg er dessutan ein sosial møteplass. Spesielt for ungdomsgruppa ser ein at dette er viktig for deltaking i fysisk aktivitet, derfor er samlokalisering viktig. Når kommunar samlar eit mangfold av kulturtildot på same område, møtast folk og det blir skapt ein arena for fellesskap og samhald.

Samtidig tilseier folketalsgrunnlaget at ein ikkje kan ha store anleggssentra alle stader i fylket, men kommunane bør uansett tenke samlokalisering. Der befolkningsgrunnlaget er lite, er det enda større grunn til å lage felles møteplassar.

Fylkeskommunen forsøker å få kommunane og andre søkerorganisasjonar til å samarbeide om interkommunale anlegg. Når kommunar og andre søkerorganisasjonar går saman om å bygge kan ein få til større anlegg, og tilskotet til anlegga blir også 30 prosent større.

Søknadssummen i 2018 er på over 375 mill. kroner (søkjars søknadssum, ikkje godkjent søknadssum), fordelt på i alt 288 søknader (121 søknader på nærmiljøanlegg og 167 søknader på ordinære anlegg) og 20 anleggskategoriar. Talet på søknader har auka med 17 samanlikna med 2017 (2017: 271). Det er ein auke i søknader på nærmiljøanlegg frå 90 til 121 søknader, medan talet på søknader for ordinære anlegg går ned frå 181 til 167. Det endelege talet for godkjent søknadssum veit vi ikkje før 15. mars, som er frist for å sende inn godkjent søknadssum til Kulturdepartementet.

Anlegg som pregar søknadsmassen er:

- 48 friluftslivsanlegg
- 41 fotballanlegg (fordelt på fotballhallar, kunstgrasbaner, grasbaner og ballbingar/balløkker)
- 31 idrettshus (klubbhus, lager og garderobebygg knytt opp mot andre anleggstypar)
- 18 ski- og alpinanlegg
- 18 idrettshallar og aktivitetssalar
- 11 klatreanlegg
- 6 symje og stupeanlegg
- 4 friidrettsanlegg
- 4 hestesportanlegg

Når det gjeld friluftslivsanlegg, ser fylkeskommunen ei utvikling med bygging av trapper for utbetring av stiar til høgfjellet. I sak KF-45/16 blei det gjort vedtak om at «ein skal vere varsam med å støtte tilrettelegging i høgfjellet, og i eksponert terrenge kor inngrep er sterkt synlege og det kan vere vanskeleg å gjennomføre redningsaksjonar.» Trapper og utbetring av stiar i høgfjellet kan vere med på å skape meir aktivitet, men det bør også vurderast både kor viktig det er med slik tilrettelegging og kva konsekvensar tilrettelegginga kan gi. Er det til dømes rett å bruke midlar på bygging av trapp der det er tørre, fine stiar frå før; tar vi nok omsyn til kva inngrep bygginga gjer i naturen? Vil vedlikehaldet følgjast opp? I kva grad er slike anlegg universelt utforma? Dette er problemstillingar som blir stadig meir aktuelle og som heile tida må vurderast ut frå kva omsyn som er viktigast, og korleis desse skal vektast.

For 2018 er det 9 søknader som er gjentatt med ein søknadssum på nesten 22 mill. kroner. Føresegnerne om spelemidlar seier at ein kan dele opp alle tilskot over 1 mill. kroner på to søknadsperiodar, medan tilskot over kostbare anlegg, vil ein binde opp ein større del av spelemidlane dei neste åra. Anleggstypar og aktivitetar dette kan gå utover, er dei som ikkje har store pressgrupper bak seg. Det er ofte anlegg for det ein kan kalle «alternative» aktivitetar for ungdom som fell i denne gruppa.

I fordelinga må vi ta omsyn til kva for anlegg som forsterkar eller utjamnar sosiale skilnader for deltaking. Alle anlegg som legg til rette for eigenorganisert aktivitet, er lett tilgjengelege og har låge kostnader, vil inkludere ein større del av befolkninga.

Ved tildeling av spelemidlar bør fylkeskommunen legge til grunn/ta utgangspunkt i innbyggjarane sine behov. Samtidig er det også viktig å få anlegg som møter folkehelseutfordringane og skaper mest mogleg aktivitet for flest mogleg. Kva for idrettsanlegg som får spelemidlar må ikkje berre vere avhengig av kva sterke personar eller organisasjonar ønsker, men anlegga må stette dei behov vi har i fylket. Dette gjeld for idretten, den eigenorganiserte aktiviteten og den uorganiserte aktiviteten.

**Forslag til vedtak:**

1. Friluftsliv og rehabilitering av idrettsanlegg blir prioritert.
2. Anlegg som utjamnar sosiale skilnader for aktivitet og helse skal prioriterast.
3. Interkommunale anlegg skal prioriterast.
4. Samlokaliserte anlegg blir prioritert.
5. Regionale konkurranseanlegg som dekker framtidige behov skal prioriterast.
6. Fylkeskommunen skal vere merksam på, og eventuelt prioritere, anlegg som treff nye målgrupper.
7. Minimum 10 prosent av tildelte spelemidlar skal gå til nærmiljøanlegg, og alle kommunar som har søknader på nærmiljøanlegg skal få tilskot til sin 1. prioritert.
8. Tilsegn til kostnadskrevjande anlegg fordelast på inntil 3 år.
9. Retningslinjer og satsingsområde lagt i gjeldande fylkesplan og handlingsprogram Fysisk aktivitet i Møre og Romsdal 2013- 2016 (KF-6/13), skal følgjast så langt som råd.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Heidi-Iren Wedlog Olsen  
fylkeskultursjef